

Kystskogane har spesialvirke

“Ei sommarhistorie”

Eg har nyleg hatt den gleda av å besøkje personar og bedrifter i Hordaland som er umåteleg positiv innstilte til skogen og skognæringa langs kysten.

Familien Solberg ved Solberg Sag på Osterøy (www.solbergsagbruk.no) har spesialisert seg på produksjon av grindabygg og villmarkspanel av gran, furu og ein del andre treslag.

Kvaliteten er basert på tradisjonell, lokal kompetanse og kundane er alt frå vanlege husbyggjarar langs vestlandskysten til større restaureringsprosjekt m.a. på Bryggen i Bergen

Pål Solberg seier samtidig at det er utruleg få som plantar skog i dag og det er eit skrikande behov for å byggje felles skogsveggar !

Ja vi veit at “kystskogbruket” prioriterer planlegging av framtidige skogsbilveggar og vi vil i løpet a hausten og utover i 2012 stadig få oppdaterte tal frå alle kysten sine skogkommuner over framtidig skogsvegbehov.

Oddbjørn Helland organiserar dette til dels omfattande og viktige arbeidet i Hordaland og Rogaland, sjå

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1169&amid=3521172>




Grindbygg av gran produsert og reist av Solberg Sag på Osterøy.

Pål Solberg;

“I Osterøy kommune er det mykje skog men her manglar enno viktige skogsveggar”

Ei anna eldsjel er Johan Haugen ved Stiftinga Herand Aktiesagbruk i Jondal som produserar alt han maktar på den fleirblada oppgangssaga frå 1909. Riksantikvaren stiller strenge krav til furumaterialane som skal prege restaurering av for eksempel gamle boder i Skuteviken og Sandviken i Bergen.

Haugen seier også at han i dag har bestilling på 40 cm breie golvbord av furu. Han veit om eigna grovt furutømmer men skogsveggar manglar fleire stader.



Johan Haugen;

“Oppgangssaga i Herand i Jondal kommune treng grov furu til golvbord og det må byggjast mykje meir skogsveggar”

Trond Oalann er ansvarleg for restaurering og kulturminnevern hos fylkeskommunen i Hordaland og seier det er stor etterspurnad etter spesialvirke i samband med omfattande restureringsprosjekt i såvel i dei store byane som tettstadene langs kysten.


Oalann er svært oppteken av at det i skogane langs kysten fins svært mykje spesialvirke som må takast vare på. Såvel registrering gjennom ein "materialbank" som tilgjengelegheit til dette verdfulle virket må kystskogbruket i samarbeid med innovative krefter, fylkeskommunane og forvaltninga prioritere. Han ser også føre seg at ansvarlege instansar kanskje må gå inn og kjøpe ut det mest verdfulle virket på rot.

Eksempelvis:

Stoltz reperbane bygd i 1690 i Sandviken i Bergen er den eldste bevarte reperbane som er **bygd i tre** i Europa. Riksantikvaren freda bygget allerie i 1927, - første bygningsfreding i Bergen, sjå og

<http://www.facebook.com/#!/pages/Reperbanen-i-Sandviken-The-Sandviken-Ropery/121507121241486?closeTheater=1>

Anders Grimelund i familiefirmaet Rolf Olsen AS har nyleg overteke reperbanen i Sandviken og sett i gang eit omfattande bygningsmessig restaureringsarbeid i samarbeid med riksantikvaren og byantikvaren i Bergen. Her trengs mykje spesialvirke av tre.



Ferskt bilde frå restaurering av reperbanen i Sandviken i Bergen.

Trond Oalann;

"Kystskogbruket må i samarbeid med innovative krefter, fylkeskommunale myndigheiter og riksantikvaren utvikle ein materialbank for spesialvirke i samband med betydeleg restaureringsoppgåver langs kysten.

Tilgjengelegheit til dette verdfulle skogsvirket vil alltid vere svært viktig"

Som prosjektleiar for infrastruktur i kystskogbruket lyt eg berre konkludere ;

"Kystskogbruket har kvalitetar i skogane som vi er i ferd med å gløyme og ikkje nytte på rett vis.

Trond Oalann ved fylkeskommunen i Hordaland sin ide om å utvikle ein materialbank bør arbeidast vidare med.

Auka tilgjengelegheit og følgjeleg skogsbilvegbygging til viktige skogområder er avgjerande for å kunne verdsetje, bevare, nytte og drive skogskjøtsel av dette særdeles verdfulle virket".

God HAUST !

22.08.11 H elge Kårstad

www.kystskogbruket.no

48020261